

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 13.03.2016
SAKSHANDSAMAR: Kjell-Einar Bjørklund
SAKA GJELD: **Enøktilskot i byggprosjekt**

ARKIVSAK: 2016/2683
STYRESAK: **048/16**

STYREMØTE: **05.04. 2016**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

Oppsummering

Helse Vest RHF og helseføretaka i regionen har arbeidd med energireduserande tiltak og omlegging til meir klimavennlege energiløysingar i mange år. Dette arbeidet har gitt innsparingar både økonomisk og miljømessig. Det er etablert eit godt samarbeid med Enova som og har gitt støtte til mange av Enøk-prosjekta.

Det er mange og store byggeplanar i alle helseføretaka i Helse Vest. Sidan energibruk er ein stor kostnad i heile byggets levetid er det viktig at det blir planlagt og bygd så optimalt som mogleg. Samarbeidet med Enova må vidareførast og utviklast slik at vi får gode energiløysingar, og slik at føretaksgruppa kan gjere nytte av dei tilskotsordningane som er etablert.

Fakta

Statsføretaket Enova skal drive fram ein miljøvennleg omlegging av energibruk og energiproduksjon, samt bidra til utvikling av energi- og klimateknologi. Dette blir hovudsakleg gjort gjennom å gi økonomisk støtte til tiltak og prosjekt og gjennom rådgiving.

Sidan starten av Enova i 2001 har kva tiltak ein kan få støtte til endra seg i takt med utviklinga og kva krav som blir stilt til bygg i Noreg. Tidlegare var det til dømes mogleg å få støtte til bygging av passivhus. Då krava i byggforskriftene, TEK 10, i dag ligg nær opp til krava til passivhus, er denne støtteordninga tatt vekk. Enova gir no berre støtte til nytenkande og innovative løysingar i nye bygg. Når det gjeld støtte til tiltak i eksisterande bygg, er det fleire støtteordningar å søke på. Følgjande støtteprogram gjeld i dag innanfor området bygg:

- Kartleggingsstøtte til eksisterande bygg; Kartlegging vil gi betre oversikt over energitiltak og i kva grad det vil vere lønsamt å gjennomføre ulike tiltak. Yrkesbygg må vere på minimum 50 000 kvadratmeter. Det blir gitt eit støttebeløp på maksimalt 1 krone per kartlagt kvadratmeter oppvarma bruksareal, med ei øvre grense på kroner 500.000,- per søknad. Kartlegginga kan også nyttast til å søke om støtte til investeringar gjennom programmet Støtte til eksisterande bygg.
- Støtte til eksisterande bygg; Programmet tilbyr investeringsstøtte til energitiltak i eksisterande bygg. Støtta blir gitt til fysiske tiltak som reduserer energibruken og til omlegging til fornybare energikjelder. Døme på tiltak kan vere energireduserande enkelttiltak, varmesentral og konvertering til vannbåren varme, oppgradering til passivhus eller lågenergistandard.
- Støtte til energieffektive nybygg; Dette programmet rettar seg mot aktørar som ønskjer å gå føre og har insentiv til sjølve å investera i innovasjon. Støtteordninga skal få fram føregangsprosjekt for energieffektive nybygg, bidra til marknadsspreiing for ambisiøse løysingar, bidra til kostnadsreduksjon og bygge ny kompetanse. Støttenivået ligg frå 1 – 10 kr/kWh, avhengig av lønnsemd og ambisjonsnivå.

- Program for varmesentralar; Investeringsstøtte som skal bidra til at prosjekt for nye varmeløysingar som nyttar fornybare varmekjelder blir gjennomført. Støtta kan dekke deler av meirkostnader i prosjektet.
- Støtte til teknologi for framtidens bygg; Investeringsstøtte til innovative demonstrasjonsprosjekt i fullskala under reelle driftsforhold. Prosjekta skal bidra til energieffektivisering eller auka produksjon av fornybar energi i Noreg. Støtteprogrammet skal bidra til introduksjon av ny energirelatert teknologi til bygg.

Andre aktørar som bidreg med midlar innanfor dette området er Forskningsrådet, Innovasjon Norge og Husbanken.

I det nasjonale miljø- og klimaprojektet har det vore gjennomført eit delprosjekt «Bygg og miljø». Delprosjektet har produsert leveransar i to omgangar. Først ein overordna rapport i 2010 og deretter ein rapport vinteren 2012/2013 som inneheld mål og langsiktige ambisjonar, i tillegg til ein handlingsplan for gjennomføring av tilrådde tiltak frå delrapport 1. I rapporten står det mellom anna;

«Alle sykehusbygg som planlegges og bygges skal tilfredsstillе passivhusnivå, oppnå energikarakter A og oppvarmingsmerke grønt. Rehabiliteringer som defineres som hovedombygging skal oppnå energikarakter A (passivhusnivå fra 2015). For andre typer ombygninger skal energikarakter B oppnås.»

Rapporten ble styrebehandla i Helse Vest i november 2013, styresak 118/13B. Styret slutta seg med visse presiseringar til vurderingane og tilrådingane i rapporten, og det blei vedteke at saka/delrapporten skal leggast til grunn i byggeprosjekta til helseføretaka.

Kommentarar

I Helse Vest har det vore arbeidd med energisparing og omlegging til meir miljøvennlege energiløysingar i mange år. I alle føretaka er fossilt brensel som primærkjelde for oppvarming av sjukehusa bytta ut til meir miljøvennlege løysingar som fjernvarme og varme frå sjøvatn.

I 2005 starta arbeidet med prosjektet HEI (Helhetlig Energi-Innovasjon) i regionen. Prosjektet tok utgangspunkt i at fleire av helseføretaka med hjelp av Enova hadde arbeidd med energileiing og kartlagt moglege enøk-investeringar. Prosjektet gjorde det mogleg å realisere og identifisere tiltak med bakgrunn i nye støtteordningar retta mot fysiske tiltak/investeringar.

Helse Vest blei i 2006 tildelt inntil kr. 4 millionar til prosjektet som hadde ei overordna målsetting om å framskaffe auka arealeffektivitet gjennom ein varig, sikker og lønsam energibruk som gir betre service, samstundes som pengar blir spart, forureining minkar og inneklima blir betra. Krav til redusert energibruk blei sett til 16 mill. kWh per år innan 2009,

samstundes med en konvertering av energibruk til ein meir berekraftig energiform på minimum 4 mill. kWh per år.

Prosjektet blei avslutta i 2011.

I forhold til nye bygg har særleg Helse Bergen hatt eit godt samarbeid med Enova over fleire år, og det er motteke økonomisk støtte i fleire byggeprosjekt. Mellom anna har Helse Bergen motteke tilskott til prosjektet Marie Joyes Hus (Sengebygg sør) som blir bygd som passivhus. Fase 2 av Barne og Ungdomssjukehuset (BUS 2) vil også bli bygd etter krava til passivhus, men på grunn av gjeldande reglar får ikkje dette prosjektet støtte berre på grunn av det. Helse Bergen er no i dialog med Enova og ein glasprodusent for å sjå på moglegheita for produksjon og bruk av glas med innebygd solcellepanel. Dette vil vere ei ny type løysing som kan gi grunnlag for å utløyse støtte frå Enova.

Alle helseføretaka er i prosess for å kunne realisere store utbyggingsprosjekt i åra som kjem. Prosjekta omfattar både ombygging i eksisterande bygg og nybygg. Både ut frå at energibruken er særst viktig for økonomien i eit bygg si levetid og av miljøomsyn vil Helse Vest RHF ha fokus på at helseføretaka planlegg for å gjere gode og innovative val og sjå til at helseføretaka nyttar seg av dei støtteordningar som til ein kvar tid finns.

Det blei i februar i år gjennomført eit møte med Enova der representantar frå alle helseføretaka deltok. I møtet informerte Enova nærare om dei ulike støtteordningane som kan vere aktuelle opp mot pågåande og planlagde prosjekt i Helse Vest, og det blei etablert god kontakt med alle helseføretaka.

Konklusjon

Helse Vest vil særleg i forhold til dei store utbyggingsprosjekta sjå til at helseføretaka følgjer opp tilrådingane frå delprosjektrapporten Bygg og Miljø II, og at det energiarbeidet som blir utført i samband med prosjekta blir utført på ein framtidsretta måte og i dialog med Enova. Helse Vest legg til grunn at helseføretaka til ei kvar tid held seg oppdaterte på kva støtteordningar som finns, og at det blir søkt om tilskot der dette er mogleg.